

# Vestfold og Telemark MDG

## Program 2023

### Innhold

<b>Miljøpartiet Dei Grøne.</b>	<b>2</b>
Vestfold og Telemark – ein region for framtida.	2
Hovudsatsingar.	2
Slik les du programmet.	3
Natur.	3
Utdanning.	6
Kulturliv.	8
Samferdsle.	9
Næringsliv og energi.	10
Areal.	12
Landbruk.	13
Skogbruk.	14
Helse og livskvalitet.	15
To fylke – éin region.	16

## Miljøpartiet Dei Grøne.

Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak baserte på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

– Miljøpartiet Dei Grøne sine vedtekter §1

## Vestfold og Telemark – ein region for framtida

Det er urolege tider i Noreg og verda. Ved inngangen til ein ny fylkestingsperiode opplever vi aukende forskjellar i samfunnet, auka prisar på straum og daglegvarer, krig i Europa, stadige etterdønningar av pandemien, og klimaendringar som allereie let seg merke.

I Miljøpartiet Dei Grøne i Vestfold og Telemark, som arbeider på tvers av dei to fylka, er vi optimistar og ser eit stort rom for å kunne utvikle regionen vår til det beste for alle som bur her. Frå Færder fyr til Gaustatoppen, for barna, for dyr, plantar og insekter og for bonden, lærlingen og tannlegen.

Regionen vår står for ein vesentleg del av matproduksjonen i Noreg, husar nokre av dei største industriaktørane i landet, inneheld to marine nasjonalparkar – og delar av sjølvaste Hardangervidda –, forvaltar unik kulturarv, utdannar 15 000 vidaregåandeelevar i året, og er knytt saman av meir enn 3000 kilometer med fylkesveg. I alt dette, og mykje meir, har fylkeskommunen ei rolle.

Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er å vere ein demokratisk arena, tjenesteytar, myndigheitsutøvar og samfunnsutviklar. Som fylkestingspolitikarar er det oppgåva vår å sikre at fylkeskommunane i Telemark og Vestfold brukar rolla si og ressursane sine til å løyse sin del av dagens utfordringar på ein måte som også medverkar til å løyse utfordringane vi veit vil kome i framtida.

Miljøpartiet Dei Grøne meiner at vi kan skape ei betre framtid hvis vi stoppar klimakrisa, bygger eit samfunn som respekterer naturen sine tålegrenser og fordeler ressursane meir rettferdig, både globalt og lokalt. Slik sikrar vi gode liv for alle, for alltid.

## Hovudsatsingar

Miljøpartiet Dei Grøne vil dei komande åra ha følgjande hovudsatsingsområde i Telemark og i Vestfold:

1. **Naturvenleg arealforvaltning.** Mellom anna ambisjon om full arealnøytralitet i 2030, restaurering av Oslofjorden som økosystem og vern av 30% av naturen innan 2030, i samarbeid med kommunar og andre.
2. **Kultur, frivilligkeit og mangfald. Mellom anna** å styrke kulturbudsjettet og gje fleire frivillige lag og organisasjonar tilgang til støttemidlar, samt fremje ein mangfaldig fylkeskommune gjennom inkludering og universell utforming.
3. **Kollektivtransport, gange og sykkel.** Mellom anna auka framkome med sykkel og til fots og eit betre og billigare kollektivtilbod for å gjere mogeleg klimavenleg arbeid og busetjing i heile fylket.
4. **Trivnad på vidaregåande skular.** Mellom anna å styrke laget rundt eleven, arbeid mot mobbing, og elevinitierte klima- og miljøtiltak på skulane i regi av elevråda og fylkeskommunane.
5. **Energi.** Vi vil arbeide for å auke eigenproduksjonen av energi i industri og næringsliv, ved solcellesatsing eller annan energiproduksjon på areal som allereie er nedbygde. Samt arbeide for reduksjon av energibruk, og gode løysinger for nullutsleppsteknologi.

## Slik les du programmet

Vi har delt programmet inn i åtte kapittel som speglar fylkeskommunane sine ansvarsområde. Her ser du kva vi vil arbeide med på kort og lang sikt. Vi er nøydde til å ha eit lengre perspektiv enn fire år om vi skal få til dei naudsynte endringane samfunnet vårt må gjennom.

## Natur

Regionen vår har ein fantastisk og mangfaldig natur, med Hardangervidda i nord og ei frodig kystline i sør, med både alpine og varmekjære artar, fra bøke- og eikeskog til tareskog, fuktige bekkeklofter og opne kulturlandskap. Og ikkje minst har vi dei marine nasjonalparkane og skjergarden, grunnlag for matauk, næring og rekreasjon gjennom generasjonar. Mange av desse naturverdiane er truga, og enkelte dyre- og fiskebestandar i fylket er så pressa at dei treng akutte gjenoppbyggingstiltak.

Dyr og planter sine levestader, både i villmarka og i nærturområda våre er utsette for mange små og store inngrep, ei bit-for-bit-nedbygging som til saman utgjer ein del av den globale naturkrisa.

Langs kysten vår har overfiske og forureining over lang tid gjeve kollaps i viktige fiskebestandar som torsk.

Skal vi ha levande og mangfaldig natur også for generasjonane som kjem, må vi ta vare på den no.

Fylkeskommunen og fylkestinget har ei sentral rolle i fleire forvaltningsfelt som påverkar naturen vår – til dømes bygging og stell av transportnettet, tilrettelegging for friluftsliv, næringsutvikling, konsesjonar til fiskeoppdrett og minikraftverk, den overordna arealplanlegginga i fylket og høyringar på arealinngrep i kommunane, bygging og drift av store offentlege bygg til skule og administrasjon, bystrategiar, kulturminnearbeid og ivaretaking av vassmiljø, jordvern og barn sine interesser.

I 2022 fekk Vestfold og Telemark MDG gjennomslag i fylkestinget for målet om full arealnøytralitet innan 2030. Arealnøytralitet tyder at ein skal ta vare på eksisterande naturområde, og dersom andre viktige samfunnsomsyn tilseier at enkeltområde skal byggast ned, skal dei alltid erstattast med naturrestaurering i nærlieken, slik at naturen får tilbake det som har gått tapt.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. At fylket raskt må lage ein strategi for å trygge naturmangfaldet og viktige naturfunksjonar.
2. At alle fylket sine areal- og næringsstrategiar skal ta opp i seg det internasjonale målet om at dyr og planter skal ha effektivt vern på minst 30% av arealet både på land, i vatn og vassdrag og i havet, og skal vise korleis dette kan bli nådd i fylket innan 2030.
3. At fylket skal ha gode regnskap for ulike typar areal (natur, jordbruk, byggegrunn osv.), og praktisere strengt etablerte prinsipp om jordvern og forvaltningsprinsippa i Naturmangfaldlova om at ein alltid skal vurdere alternative, meir naturvenlege lokaliseringar.

4. Støtte moratorium mot nye store hyttefelt, og gjennom næringsutvikling- og reiselivsstøtte oppmuntre til meir deling av eksisterande hytter.
5. Gje kommunane fagleg og juridisk bistand til å fylge opp ulovlege terreng- og naturinngrep.
6. Fylkeskommunene sine friluftsrådgjevarar bør medverke til kartlegging og rask fjerning av ulovleg oppsette skilt, gjerder og sjikanøse stengsel i strandsona.
7. Halde Skagerrakkysten og innsjøane våre frie for forureinande fiskeoppdrett, fylkeskommunen skal ikkje tildele lokalitetar for nye, miljøskadelege opne oppdrettsanlegg eller landanlegg utan fullreinsing.
8. Vere positive til at kommunane gjer framlegg om nullfiskeområde og andre marine verneområde.
9. At det blir arbeidd aktivt med å ta vare på og reparere vegetasjonen i kantsona langs bekkar og elver, og i sjøen der det er spesiell fare for avrenning av partiklar og næringssalt.
10. At regionen må arbeide aktivt for å nå dei nasjonale måla om auka andel økologisk landbruk utan sprøytegiftbruk og for å unngå store næringssaltutslepp frå til dømes haustpløying.
11. At ny kraftutbygging ikkje skal øydelegge natur, og heller leggast til gråareal: allereie bebygde areal der plassen kan utnyttast betre.
12. At eksisterande verneområde vert gjevne sterkare vern, t.d. nasjonalparkane på land og i sjøen.
13. Støtte forbod mot botntrål og lysfiske innanfor grunnlinna og i vernesoner i indre Skagerrak som del av gjenoppbyggingstiltaka for dei kollapsa fiskebestandane.
14. At fylkeskommunane sine næringsapparat medverkar til å kompensere lokale yrkesfiskarar for medverknad til havvern, rydding av spøkelsesreidskap og kunnskapsspreiing om havmiljø.
15. At fylkeskommunen må vurdere klimaeffektar av terrenginngrep ved ulike slag utbyggingar, til dømes vegar eller kraftanlegg i myrområde.
16. Styrke kartlegging og kunnskap om førekomensten av spesielt verdifull natur, plantar og dyr i regionen. Naturkartlegginga bør i større grad vere uavhengig av utbyggarinteressa.
17. Lage ein handlingsplan for naturrestaurering i fylket, inkludert konkrete tiltak for å gjere fylkeskommunale eigedomar meir naturmangfaldsvenlege.
18. At store dyr både på land og i sjøen vert gjevne plass, og at myndighetene legg tilstrekkelege ressursar i å forebygge risiko for konflikt med menneske der store dyr ferda.
19. Legge til rette for miljøvenleg reiseliv som vandring, padling og sykling, både i felt, i turistinformasjon og gjennom tilrettelegging av kollektivtilbodet.

20. Fylkesvegane skal ha insektsvenleg kantslått, sprøytegifter som hovedregel ikke brukast, og det skal gjerast tiltak mot vekkantforsøpling som kan skade husdyr og vilt.
21. At fylka skal vere ein drivar for ein ansvarleg rovdyrpolitikk med tydeleg vernefokus som særleg tek vare på raudlista dyreartar.
22. Medverke til at vidaregåande opplæring i restaurant- og matfag har tydeleg satsing på lokalmat, hausting av ville råvarer, dyrking av eigne skulehagar og bruk av råvarer i sesong.
23. Å verne storauren og ålen, og å betre vandringstilhøva for fisk i alle dei store og små vassdraga i fylket må vere prioriterte tiltak i vassforvaltningsplanen.
24. Etablere eit søkbart fond for skjøtselstiltak som kan gje auka naturmangfald i fylket.
25. Fylkeskommunane skal i arealinnspela sine til kommunane medverke til å sikre at alle innbyggjarar har trygg tilkomst og kort avstand til samanhengande turstinet og nærnaturterrenge.
26. Sørge for at politikarer og avgjerdstakarar har god kunnskap om naturforvaltning og klima.
27. Ved naturtilpassa friluftsliv skal vi tilpasse oss framfor å tilrettelege naturen. Det tyder mellom anna at kyststi, padleleider og sykkelvegar ikkje skal svekke naturen si eiga bereevne. Samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunar skal halde fram for å sikre større samanhengande naturområde.

## **Utdanning**

Framtida ligg i utdanninga vi gjev i dag. Å utvikle ein vidaregåande skule som medverkar til berekraftig utvikling er viktig for framtida, men òg for elevane i deira eiga samtid. Eleven sine subjektive opplevingar av å vere eit kritisk tenkande, leikande og lærande individ som tyder noko i eit fellesskap gjev grobotn for demokratiforståing og medborgarskap.

Dei Grøne har ei heilskapleg tilnærming til læring og kompetanse, og meiner at eleven har rett til å vere ein del av pedagogiske verksemder som tek medverking, utforsking og kreativitet på alvor. Praktiske, estetiske, sosiale og teoretiske dugleikar utfyller kvarandre, og tverrfaglege tilnærmingar gjev auka forståing for at alt heng saman med alt.

Elevar på videregåande skular har rett til eit godt psykososialt miljø, der dei blir tekne vare på og gjevne høve til å ta vare på kvarandre. Trass i at vi lever i ei tid der mangfald er et ideal, har det normative aldri vore smalare, og mange unge opplever usunt stress og prestasjonsjag. Vi ynsker ein skule som har fokus på relasjonar, trivnad, livskvalitet og elevsentrert undervisning.

Natur og grøntareal er viktige for klima både ute og inne, og medverkar til trivnad for menneske. Dei Grøne ynsker å skape trivnad og god læring ved å ta i bruk fleire lettstelte grøntareal inne og ute på vidaregåande skular, i form av skulehagar, frukthagar, grøne veggger, parkar og rekreasjonsområde.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Sørge for gode tverrfaglege helse- og sosialtenester på vidaregåande skular.
2. Styrke laget rundt eleven. Etablere fleire miljøterapeutstillingar som kan medverke til mindre utanforskning og gode læringsmiljø for alle elevar, inkludert hjelp og støtte ved tilfelle av rasisme.
3. Tilrettelegge for at elevråda ved dei vidaregåande skulane kan utvikle klima- og miljøtiltak på sine skular.
4. Prioritere kontinuitet og utvikling av løysingar som fungerer for å få flere elevar som har falle ut av vidaregående opplæring i jobb eller tilbake på skulen.
5. Arbeide for null mobbing på alle vidaregåande skular.
6. Tilby kortreist sunn og billig mat i skulekantinen.
7. Tilby best mogeleg fjernundervisning, og at fjernundervisning vert vurdert som tilbod i små fag, også på tvers av fylkesgrenser.
8. Etablere kollektive butilbod for elevar som må flytte heimefrå for å gå på vidaregåande skule.
9. Tilby meir spesialisering på Vg1.
10. Arbeide for at det skal bli mogeleg å ta fagbrev som sykkelmekanikar i Vestfold og Telemark.
11. Tilrettelegge for meir samarbeid på tvers av fylkesgrenser for tilbod innanfor spesielle fagområde.
12. Legge til rette for at skular, verksemder og nærmiljø tilbyr opplæring som tek vare på lokale ressursar og tradisjonar, og etterspørselet frå det regionale næringslivet.
13. Satse på planting, tre, parkar og godt utedmiljø på dei vidaregåande skulane, inkludert forsøk med skulehagar for bruk i undervisninga.
14. Legge til rette for at naturbrukskulane Nome vidaregåande skule, avdeling Søve, og Melsom vidaregåande skule kan bli vidareutvikla som fagmiljø for jordbruksnæringa.
15. Investere i miljøteknologi ved naturbrukskulane.
16. Legga til rette for at Gjennestad vidaregåande skule kan bli vidareutvikla innan gartnerfaget.
17. Styrke samhandlinga mellom landbruksnæring, universitet og forskingsmiljø (jfr. Landbruksmeldinga for Vestfold og Telemark).
18. Auke andelen av lærarar på yrkesfag med både yrkes- og pedagogisk kompetanse.

19. Investere i miljøteknologi i bygningsmassa på dei vidaregåande skulane og nytte teknologien i undervisninga.
20. Stimulere til fleire innovasjonssenter ved universitetet som kan samarbeide med lokale og regionale aktørar om sosialt og grønt entreprenørskap.
21. Vere opne for løysingar som gjev meir fleksibilitet, variasjon og tilpassa bruk av læretida i verksemder.
22. Etablere prøveordningar med praksis knytt til dei tverrfaglege temaa i skulen, slik at berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap, livsmeistring og folkehelse blir meir enn teoretiske perspektiv.
23. Etablere ei prøveordning der verksemder knytte til vidaregåande skular blir opna for reparasjonskafé, utlån av utstyr o.l.
24. Nytte fri programvare så langt det er mogeleg. Nyutvikling av, eller på vegner av, fylkeskommunane, skal nytte anerkjent fri programvarelisens.
25. Etablere ei hurtigfil for helsearbeid i samarbeid med andre fylkeskommunar med mål å få gje tilflytta ein naudsynt kompetanse for raskt å kome i arbeid.
26. At alle dei vidaregåande skulane skal forvalte areala sine på ein ansvarlig måte som ivaretak naturen sine interesser.
27. At fylkeskommunane og Opplæringskontoret skal styrke den vidaregåande skulen si rolle som formidlar og forvaltar av tradisjonshandverk.
28. At Nome vidaregåande skule saman med Opplæringskontoret får mandat til å utarbeide relevante liner for fagarbeidaran i trygg og miljøvenleg gruvedrift kobla til den veksande industrien på Fen.
29. Etablere ei hurtigfil for tilflytta si utdanning i samarbeid med andre fylkeskommunar, eller NOKUT-godkjennin av eksisterande utdanning, for å mogeleggjere ei rask og god kvalifisering og overgang til arbeid.

## Kulturliv

Eit grønt samfunn inneheld eit rikt, mangfaldig og aktivt kulturliv, og MDG vil jobbe for å gje kulturlivet betre vekstvilkår i distrikt og byar.

Kultur handlar om ulike kunstneriske uttrykk og opplevelingar, om skaparkraft og aktivitet. Kultur uttrykker noko menneskeleg og kan medverke til å skape tilhøyrslle og livskvalitet. Det kan mdverke til meiningsfylte opplevelingar, røynsler og perspektiv, stadstilhøyrslle, sjølvforståing, og innsikt om ein sjølv og andre.

MDG arbeider for eit levande og aktivt kulturliv som kan medverke til auka handlekraft, skaparglede og individet si tiltru til eigne evner, slik at fleire kan vere med å medverke til å forme eigne omgjevnader og sjå nye mogelegheiter. MDG meiner òg at slike tema vil vere viktige komponentar i eit meir berekraftig samfunn. MDG meiner vidare at gode rammer for igangsetting og ivaretaking av kulturelle tilbod og initiativ er viktige bidrag til å skape levande og inkluderande bygde- og bysamfunn i heile fylket.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Ta vare på, synliggjere og dyrke kultur slik at vi får glede av mangfaldet vårt, i språk, historie, næring og ulike kulturuttrykk som kunst, musikk, teater, litteratur, handverk, dans, idrett m.m.
2. Sørge for at kultursektoren vert sett pris på i heile fylket og vert sikra finansiering, utdannings- og arbeidsmogelegheitar i byar og distrikt.
3. Legge betre til rette for at frivillige og profesjonelle aktørar på kulturfeltet kan realisere aktivitetar som kjem fellesskapet til gode.
  - i. Til dømes gjennom tilskotsordningar som gjer det enklare å ta initiativ som gagnar lokalsamfunnet på inkluderande og berekraftig vis.
  - ii. Sørge for at kommunar prioriterer å legge til rette for at aktørar på kulturfeltet får tilgang til eigna lokale å drive aktivitet i.
4. Styrke universell utforming på kulturelle arenaar i regionen.
5. Ta vare på historisk byggekultur og handverkstradisjonar som både immateriell og materiell kulturarv.
6. Styrke arbeid med å forsterke praktiske dugleikar og lokal materialkunnskap.
7. Sikre støtte til bygningsvernenteret.
8. Ha gode formidlingsarenaar for kunnskap og erfaringsdeling.
9. Etablere ein fylkeskommunal kulturplan med handlingsplan der størstedelen skal gjennomførast i valperioden.

## Samferdsle

Godt tilrettelagt transport legg premissa for kor vi kan bu, arbeide og leve gode liv. MDG vil arbeide for at innbyggjarane i Telemark og Vestfold kan ha gode liv der dei bur, kome seg enklast mogeleg til jobb og ha gode fritidstilbod. Vi må ha matjorda, skogen, økosystemet og menneska i tankane når vi planlegg og bygger transporttilbod for framtida. Samtidig må vi skape levande bygder med høve til fleksible transportløysingar og sikre at næringslivet får gode transportvilkår, slik at dei kan halde fram med å skape gode arbeidsplassar. Vi veit at dette er mogeleg å få til, då utviklinga av miljøvenleg, rask og trygg transport skjer heile tida, over heile verda.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Skape den beste gang- og sykkelregionen i Noreg.
2. Auke trafikktryggleiken blant anna gjennom sikring og vedlikehald av fylkesvegar.
3. Auke tryggleiken på skulevegane i regionen og redusere bilbruken i skuletransport.
4. At regionen skal vere ein destinasjon for sykkelturisme.
5. Gje gåande og syklande meir plass, og medverke til avvik frå vegnormalen når det gagnar aktiv transport.
6. Arbeide for å auke framkome for gåande og syklande på heile vegnettet til fylkeskommunane.
7. At fylkeskommunane skal vere pådrivarar for å ta i bruk meir straum i transport.
8. Ha ein ladeinfrastruktur for elektrifisert kollektivtrafikk.
9. Auke talet på kollektivavgangar for at alle skal ha eit funksjonelt kollektivtilbod nær heimen, arbeidsplassen, skule, service og næring.
10. Sørge for låge kollektivprisar, slik at det løner seg å reise kollektivt i heile regionen.
11. Justere alle kollektivprisar slik at lågaste takst gjeld frå 6-19 år, samt sikre reduserte takstar for unge vaksne frå 20-29 og for studentar.
12. Legge til rette for at Vestfold og Telemark fylkeskommunar og kollektivselskapar kan styrke kollektivtrafikken gjennom bruk av autonome kollektivtrafikkloysingar.
13. Betre gang, sykkel- og bilvegvedlikehald framfor å bygge nye vegar.
14. Investere i praktiske og trygge parkeringsplassar for syklar. I tillegg vil vi opprette støtteordningar for private til å bygge sykkelparkeringsplassar.
15. At fylkeskommunen skal medverke til at kommunane legg til rette for fleire bilfrie gater, t.d. gågater i tettstadsentrum og hjartesoner rundt skular.
16. Arbeide for at Vestfoldbanen og Sørlandsbanen vert kopla saman.

17. At Vestfoldbanen skal investerast i slik at det blir fleire avgangar og mindre buss for tog, med forsering av nytt dobbeltspor frå Tønsberg til Larvik og vidare.
18. At det skal bli enklare å bytte mellom ulike former for kollektivt. Buss, tog og ferger må korrespondere godt.
19. Tilrettelegge for trafikksikker el-sparkesykkelbruk.
20. At det skal bli enkelt å ta med seg sykkel på kollektivtransport.
21. Ha blomsterenger i vegkanten for å ivareta naturmangfaldet og prioritere ressursar frå kantslått til anna vedlikehald og sikring.
22. Medverke til at reglane om private hekkar vert handheva for å sørge for trafikktryggleiken.
23. Medverke til fleire mindre logistikanlegg knytte til jernbane heller enn få, store med mye bil-til-bil-transport som aukar tungtrafikken på vegane.
24. Stoppe arbeidet med planlagt bru fra Ramberg til Smørberg i Bypakke Tønsberg av omsyn til naturverdiar og klimagassutslepp.
25. At jernbanen skal vere hovudpendlarrute til, frå og innan regionen, og at stasjonane i alle byane mellom Skien og Oslo difor må bli tekne vare på og ikkje nedprioriterast i Intercity-satsinga.
26. At ny togstopp i Skien sentrum vert prioritert, for å gjere toget attraktivt for fleire ved å redusere andelen som må nytte buss/bil for å kome seg til og frå toget.

## Næringsliv og energi

MDG vil legge til rette for dei næringane vi treng for ei berekraftig framtid, som kan skape verdiar i samfunnet med dei utsiktene som energikrise og krig i Europa har skapt.

I overgangen frå oljebasert til grøn økonomi er omstilling og etablering av nye typar arbeidsplassar viktig. MDG vil ha trygge arbeidsplassar, både no og i framtida. Det inneber at omstillinga må skje no.

Både industriarbeidsplassar og små og mellomstore verksemder er ein del av det grøne skiftet, og noko av det vi skal leve av når oljeindustrien vert lagt ned. Energikrisa har nok ein gong vist at vi både treng meir klimavenleg energiproduksjon og redusert energibruk.

Energiproduksjon både i småskala og i storskala, ivaretaking av eksisterande ressursar gjennom sirkulære mekanismar og reparasjonsøkonomi medverkar alle til omstillinga som må til, og MDG vil støtte verksemdene som vil vere med på denne livsviktige omveltinga.

I Grenland blir det alt satsa på sirkulær og utsleppsfree industri, karbonfangst, autonom og utsleppsfree transport og stadig meir miljøvenleg offshoreteknologi som kan nyttast til langt meir enn oljeverksemd. Innan 2040 vil vi at all industri i Telemark og Vestfold skal vere basert på sirkulær økonomi, og vere karbonnegativ. Målet er å bli den fyrste klimapositive industriregionen i verda.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. At inkluderande arbeidsliv skal vere eit felles ansvar.
2. Støtte tiltak som gjev ungdom og andre personar som står utanfor arbeidslivet tilgang til betalt arbeid.
3. Legge til rette for fleksible transportløysingar tilpassa personar med funksjonsnedsettingar, særleg i samband med reiser til arbeid eller utdanning.
4. At fylkeskommunane skal medverke meir til utdanning, etterutdanning, kurs og sertifiseringar.
5. At fylkeskommunane skal ha medverking for betre å balansere tilhøvet mellom energi og natur i oppgraderinga av straumnettet for ein meir elektrifisert region, samt medverke til ei betre utnytting av eksisterande straumnett heller enn nyutbygging.
6. Ha vidare solcellesatsing på eksisterande bygg og andre konfliktfrie område.
7. At fylkeskommunane må vere aktørar som arbeider for å forenkle regelverk for klimavenleg straumproduksjon som kan delast mellom industri-, bustad- og tenestebjerg.
8. Medverke til auka bruk av elektriske båtar med god tilgang til landstraum og ladeinfrastruktur til desse.
9. Stoppe cruiseanløp fram til båtane kan handterast på ein klimavenleg måte med landstraum/alternative energikjelder ombord.
10. Ta på alvor ambisjonane om den fyrste klimapositive industriregionen i verda. Dette krev sirkulær ressursutnytting og ei føre-var-haldning ved store inngrep og utslepp.
11. Støtte industri og anna næringsliv som ynsker å bli meir berekraftig, og aktivt arbeide for å bli lågutslepp eller karbonnegativ.
12. At fylkeskommunen skal vere ein aktør i å ta vare på industrihistorie, bygningshistorie, kulturhistorie og naturopplevelingar.
13. Medverke til at næringslivet og reiselivsaktørar har tydelege målgrupper i og nær regionen.
14. Medverke til å utvikle og gjere regionale reisemål betre kjende for å styrke lokale reiselivsaktørar og fremje alternativ til kostbare og forureinande utanlandsferger.
15. Støtte prosjekt innan karbonfangst og karbonbruk knytta til industri og prosessar.
16. Støtte gründerar innan grøne næringar med alt vi har i verktøykassa av fondsmidlar, innkjøpsordningar og andre tiltak.

17. Bygge ut vindkraft med varsemd. Mindre anlegg nær eksisterande infrastruktur kan gje verdifull lokal produksjon. Vi vil unngå bygging i sårbare område og ha absolutt forbod i nasjonalparkar og verneområde.
18. Støtte innovasjonsprosjekt for autonom og utsleppsfree transport etter modell av Yara/Birkeland.
19. Støtte innovasjon der oljebasert offshorekunnskap blir nytta til klima- og miljøvenlege løysingar.
20. Støtte vidareutvikling av Den Magiske Fabrikken i Tønsberg og etablere og vidareutvikle tilsvarande biogassanlegg i Telemark.
21. Støtte firma som skaper ny verksemd basert på ressursar på avvege.
22. Sørge for at fylkeskommunane nyttar gjenbruk og reparasjon heller enn nyinnkjøp.
23. At fylkeskommunane som forbrukarar, i krav til anbod, legg vekt på levetid, kvalitet, rettferd og at det er mogeleg å reparere og spore.
24. Lage stipendordningar og arrangement for å fremje grøne næringar.
25. Støtte ei massiv utbygging av solenergi på næringsbygg.
26. Støtte karbonfangst i Brevik.
27. Vurdere varsam utvinning av sjeldne jordartar frå Fensfeltet etter grundige utgreiingar av miljøbelasting og naturomsyn.
28. Særleg besøkte turistmål kan bli gjevne høve til å innføre besøksavgift som skal medverke til å ta vare på stadene sin eigenart og særtrekk.
29. Nutte dei naturgjevne føresetnadene i regionen til å utvikle næringslivet.
30. Støtte opp om forsking og utvikling for ei meir dyrevenleg, økologisk, berekraftig og utsleppsfree oppdrettsnæring.
31. Arbeide for at akvakulturnæringane for framtida, med fokus på algar, kan blomstre i Vestfold og Telemark.
32. Arbeide for at fylkeskommunen blir ein pådrivar og best mogeleg tilretteleggande instans for etablering av solcelleparkar i kommunal, fylkeskommunal og privat regi i stor skala i Vestfold og Telemark, og at tak på offentlege bygg som regel får solfangst.
33. Solrike overskotsareal knytte til eksisterande veger, tak over bruer og infrastruktur for straum bør vurderast for oppføring av solcellepanel/solfangingsanlegg. Det same gjeld brakklagde næringssareal som steinbrot og grustak.

## Areal

For MDG er arealpolitikk viktig, særleg med tanke på verneområde. Vi vil stoppe ei utvikling der meir og meir skog, myr og matjord blir raseret til fordel for bustader, hytter og næring. Denne utviklinga er ikkje berekraftig korkje for menneska, miljøet eller økonomien.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Verne all dyrka mark i Telemark og Vestfold mot utbygging og hindre omdisponering av dyrkbar jord. Matjord bør dyrkast opp der det kan skje utan skade på naturmangfaldet. Målet er å auke arealet dyrka jord utan å redusere naturareal.
2. Fortette ved hovudsakeleg å utnytte grå flater som alt er bygde på, der det er – eller enkelt kan byggast – god infrastruktur. Dette sparar matjord, natur og friluftsområde.
3. At målet om full arealnøytralitet innan 2030 vert fylgd opp av fylkeskommunane.
4. Arbeide for at det vert innført best mogeleg avbøtande tiltak både på land og i vatn. Nyte arbeidet med arealnøytralitet til å restaurere naturen.
5. Medverke til vern av 30% av havområda innan 2030 og vere ein pådrivar for restaurering av Oslofjorden.
6. At fylkeskommunane skal kartlegge konfliktområde der vern bør vurderast og kartlegge areal som kan nyttast til naturrestaurering/tilbakeføring.
7. At fylkeskommunane skal vere klima- og miljømedvitne samarbeidspartnarar i høve til andre aktørar i ei heilskapleg arealforvaltning, med fokus på arealnøytralitet.

## Landbruk

MDG vil endre gjeldande landbrukspolitikk. Vi vil stoppe ei utvikling der kvart gardsbruk skal bli større og større, med aukande gjeld og bønder som må springe fortare og fortare. Denne utviklinga er ikkje berekraftig korkje for miljø, økonomi eller bonden. Nye konsept for omsetjing og utvikling av lokalmat skal gje større inntekter. Landbruk er den viktigaste næringa i regionen vår, men klimaendringane trugar matproduksjonen. Regionen kan sjølv dekke mykje av eige matbehov, og ei slik satsing må til. Lokal mat gjev god beredskap og tryggleik.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Verne all dyrka matjord i Telemark og Vestfold mot utbygging og hindre omdisponering av dyrkbar jord. Dyrkbar jord bør dyrkast opp der det kan skje utan skade på biodiversiteten. Målet er å auke arealet med dyrka mark.
2. Endre retning i landbrukspolitikken ved å auke satsinga på små- og mellomstore bruk og motverke monokulturen i jordbruket.
3. Styrke sjølvforsyningsgraden i regionen ved å legge om til dyrking av meir menneskemat.
4. Ha ein husdyrproduksjon som er basert på norske ressursar, ikkje importert korn og soya.
5. Arbeide for eit landbruk som tek natur og klima på alvor.
6. Fremje mangfald – dyrking av grønsaker som er nye eller nye for regionen.
7. Stoppe soyaimporten ved å motivere til lokal proteinvekstproduksjon.
8. Opprette eit lokalmatfond.
9. Styrke måla for økologisk produksjon og forbruk, og støtte opp under økologisk landbruk som spydspiss for meir berekraftig matproduksjon.
10. Stille krav til 50% økologisk eller lokalt produsert mat i offentlege matinnkjøp.
11. Støtte bruk av fangvekster, grøngjødsling og andre tiltak for å skape større biomangfald, binding av karbon og meir liv i jorda.
12. Støtte og planlegge for urbant landbruk, andelslandbruk, kooperativ, besøksgardar og marknadsdagar.
13. Fremje beiting i utmark og utvikle nye beiteløysingar med mannskap, bruk av hundar, blanding av dyreslag og bruk av ny teknologi.
14. At omregulert dyrka og dyrkbar jord i kommuneplanar som ikkje er bygd på innan åtte år skal førast tilbake til landbruk. Fylkeskommunen skal aktivt fylgje opp krava til bu- og driveplikt.
15. Støtte gardbrukarar som ynskjer å investere i traktorar og andre landbruksmaskiner som går på klima- og miljøvenleg energi.
16. Støtte prosjekt for lettare omsetting av ledige gardar og småbruk for å styrke busettinga i distrikta.
17. Støtte utbygging av klima- og miljøvenleg energiproduksjon (nærenergi) og ENØK-tiltak på gardsbruk.
18. Gje støtte til søk etter rådyrkalvar i våronna.
19. Berre tillate haustpløying etter søknad til landbrukskontoret i fylket.

## Skogbruk

Meir enn halvparten av Vestfold og Telemark er skogkledd. Vi har den høgtliggende fjellbjørkeskogen, vide barskogar med innslag av edellauvskog, kalklindeskog i Grenland og verda sin nordlegaste bøkeskog i Larvik.

Skogbruket spelar ei svært viktig rolle i det grøne skiftet. Skogane tek opp store mengder CO<sub>2</sub> og er slik enorme karbonlagre. Karbonet er lagra i sjølve tømmeret og som organisk materiale i bakken. Når bakken blir utsett for solvarme ved flatehogst er karbonutsleppa store, og det tek fleire tiår før nyplanta tre kompenserer for dette.

Sunn skog tek opp store mengder vatn og fungerer som ein stor svamp som gjer faren for flaum etter kraftig regn mindre. Dette gjeld spesielt blandingsskog meir enn plantasjeskog, og er endå ein grunn til å verne urørt skog.

Halvparten av alle truga artar er tilknytte skog. Det reduserte artsmangfaldet er svært alvorleg. Flatehogst og fragmentering av skogsområde (t.d. med vegar) aukar artstapet. MDG vil snu denne trenden. Skogsdrift må drivast slik at dyr og plantar har nok livsgrunnlag i form av mat, hekkestader, stader å gjøyme seg og ynglestad.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Arbeide for at skogbruket skal balansere rolla som klimavenleg leverandør av byggematerialar og råstoff til biovarme og biodiesel med omsyn til biomangfald.
2. Støtte bruk av tre, heiltre og massivtre som byggematerialar i staden for stål og betong.
3. Støtte produksjon av biokol av skogsavfall, samt utvikle andregenerasjons biodrivstoff basert på skogsvirke.
4. Medverke til produksjon av massivtre i Telemark.
5. At fylkeskommunane skal nytte trevirke som ikkje er frå truga naturskog i inn- eller utland.
6. Auke konkurransekrafta for tre som byggemateriale gjennom krav til livsløpsanalysar i teknisk forskrift i byggsektoren.
7. Vidareutvikle norsk treforedlingsindustri gjennom å stimulere til spesialisering og innovasjon.
8. Arbeide for at skogforvaltninga skjer på økologiske premiss.
9. Medverke til å nå det nasjonale målet om 10 prosent verna skog ved å informere og motivere skogeigarar til frivillig skogvern.
10. Fremje varsam hogst ved tilskot til plukkhogst, lukka hogst og hogst på små flater.
11. Ta vare på tilvekst og naturmangfald.

12. Garantere ein usprøyta skog. Innbyggjarane skal alltid kjenne seg trygge på at dei kan drikke vatn frå elver og plukke bær og sopp.
13. Stimulere til at kvar enkelt skogeigar ser lønsemrd og nytte i å pleie skogen.

## Helse og livskvalitet

Dei Grøne legg vekt på helsefremjande perspektiv på alle samfunnsområde. God helse er ikkje berre fråver av sjukdom. Det er òg å kunne medverke i samfunnet på eigne premiss, og ta avgjerder om sitt eige liv. Det er å kunne gå på skule og til arbeid, få spanande og interessante opplevingar og mestre kvardagslege utfordringar. Dei Grøne vil ta tak i drivkrefter bak forbruks- og prestasjonsjag.

Dei Grøne meiner det er viktig å halde fast på menneskeleg mangfald, og tek avstand frå negativ diskriminering. Vi avviser freistnader på å setje alle frå eitt område eller ein kultur i same bås. Mangfald må likevel aldri nyttast som eit påskot for å stille spørsmål ved menneskerettane. Dei Grøne set personleg fridom høgt, men då ein grøn fridom der solidaritet og medkjensle set grenser for individet sin fridom – ikkje omvendt.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Styrke tilgangen til natur og friluftsliv, som er viktig for helsa, og ein viktig del av norsk kultur.
2. Støtte arrangement som har som mål å inkludere alle grupper i samfunnet og skape gode sosiale møteplassar.
3. Støtte rusfrie arrangement.
4. Styrke samhandlinga mellom skulehelsetenesta, PP-tenesta, barnevernet, psykisk helsevern og fastlegane.
5. Styrke samarbeidet mellom helsesektoren og NAV for betre å kunne kombinere utdanning eller arbeid med behandling.
6. Arbeide for å få tilbake meir demokratisk styring av sjukehusa.
7. Oppretthalde gode tilbod på lokalsjukehusa i tråd med den medisinske utviklinga og det dei som bur der treng.
8. Gjere terskelen for naudsynt tannbehandling lågare.
9. Legge til rette for at interesseorganisasjonar med ulike tilnærmingar til rusomsorga kan ta imot støtte til informasjonsarbeid og arbeid mot rusavhengigheit.
10. Auke rammene for TT-kort.

11. Etablere eit uavhengig og eksternt varslingssystem for avvik.
12. At 15% av kulturtildskot skal ha eit mangfalds- og minoritetsperspektiv.
13. At fylkeskommunane skal satse på kurs og etterutdanning av personell innanfor psykisk helse med spesielt fokus på skeive, minoritetsbefolkinga, flyktningar og asylsøkarar.
14. At fylka skal opprette innvandrar- og minoritetsråd etter modell frå m.a. Vestland, Oslo og Trondheim.
15. At fylkeskommunane skal utarbeide handlings- og beredskapsplanar for rasisme og diskriminering, som vert evaluerte årleg av ei minoritetsleia gruppe.
16. At fylkeskommunane skal arrangere vaksenopplæringskurs med viktige samfunnsfunksjonar som NAV, skatt og økonomisk aktivitet for å betre integreringa i fylka.
17. At fylkeskommunane skal samarbeide med Kirkens Bymisjon og Skeiv Verden for trygge møteplassar for skeive og minoritetsgrupper i fylket.
18. At fylkeskommunane supplerer med økonomisk støtte for flyktningar og asylsøkarar i fylka som ynskjer å bu utanfor mottak.
19. Arbeide for å få sosialombod i fylket, i samarbeid med kommunane, etter modell frå Oslo.

## To fylke – éin region

Miljøpartiet Dei Grøne meiner at Vestfold og Telemark er ein region med store sams utfordringar og mogelegheiter. Sjølv om fylket vert delt tyder ikkje det at vestfoldingar og telemarkingar ikkje har sams interesser. Saker som vern av Oslofjorden, vegutbygging, fornybarsatsing, landbruk og industri er alle saker som innbyggjarane i regionen vår må delta i som ei sams satsing. Heller enn å nytte store ressursar på ein tung prosess med oppdeling av mange tenester, meiner Dei Grøne at desse pengane betre kan nyttast på samarbeid i dei viktige segmenta i regionen.

Det vil vere heilt naturleg at mange saker vert handterte på fylkesnivå, men vi må opne for òg å handtere fleire saker innanfor den eksisterande regionale infrastrukturen. Det kan vere kollektivtrafikk, utbygging av sykkelvegar med meir.

Dei Grøne meiner òg at det kan vere like nyttig å sjå på regionen som tredelt med Vestfold, Grenland og Indre Telemark som lokalregionar, som det er å sjå på den som to fylke. Det er

utfordringar i Indre Telemark som ein ikkje har i dei to andre lokalregionane i like stor grad, t.d. med kollektivtransport og tilbod for ungdom og personar med funksjonsnedsetting.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. At regionen skal halde fram som aktør i dei tenestetilboda der det er logisk heller enn å nytte store summar på å splitte.
2. At kollektivtransport skal koordinerast til det beste for innbyggjarane i regionen heller enn å gjere til lags den til ei kvar tid sittande regjeringa sine tankar om korleis fylka skal delast.
3. At ein skal sjå på regionalt samarbeid også utanfor Vestfold og Telemark for å gje innbyggjarane dei beste tenestene.
4. At skuleungdom skal kunne få dei beste studiealternativa på tvers av fylkesgrensene.
5. At tenester som spesialisthelsetenesta blir verande regionale for ikkje å svekke tilbodet til innbyggjarane i regionen.